
Saknr: 2020/47016-6
Saksbehandlar Svein Hågård
Dato: 12.10.2021

Til: Sekretariatet for kontrollutvalet

Frå: Fylkesdirektøren

Rettstvistar i Vestland fylkeskommune per oktober 2021

Fylkesdirektøren skal leggje fram halvårlege statusrapportar om rettstvistar for kontrollutvalet.

Her er oversikta per medio oktober 2021. Endring i status sidan førre rapportering i april framgår med raud skrift.

EIGEDOM

#	Partar	Domstol	Sak	Tvistegjenstand	Status
1	Vestland fylkeskommune – Aurland kommune AVSLUTTA	Sogn- og Fjordane tingrett	Skjøn – fastsetjing av vederlag for avståing av areal til ny kommunal barnehage i Aurland	Verdsetjing av eigedom. Fylkeskommunen sitt standpunkt inneber at verdien av arealet er om lag kr 1.800.000, medan kommunen sitt standpunkt er at verdien utgjør rundt kr 180.000	Skjønsavgjerd avsagt 28. april 2021. VLFK tilkjent kr 62,50 per kvm. for areal som er jordbruksareal, pluss erstatning for tap av parkeringsplassar med kr 300 per kvm.

VEG/INFRASTRUKTUR

#	Partar	Domstol	Sak	Tvistegjenstand	Status
2	HGT AS – Vestland fylkeskommune AVSLUTTA	Hordaland tingrett	Gjeld sluttoppgjer etter utført vegentreprise på Askøy (Fv 212)	Kravet frå HGT AS var kr 2.494.700 + mva	Hovedforhandling vart avvikla i juni 2021. Ved Bergen tingrett sin dom av 28. juni 2021 vart fylkeskommunen frifunnen og tilkjend fulle sakskostnader med kr 191.750
3	Bertelsen & Garpestad AS – Vestland fylkeskommune AVSLUTTA	Hordaland tingrett	Krav om skadebot for positiv kontraktsinteresse etter avlysing av anbodskonkurranse. Gjeld tunnelentreprise Ardal	Søksmål innleia i desember 2020. Påstand om skadebot på kr 22 mill. + renter og sakskostnader	Saka løyst ved minneleg ordning framforhandla direkte mellom partane. Fylkeskommunen betalte kr 4 mill som fullt og endeleg oppgjer i saka.
4	Bulken Maskin AS – Vestland fylkeskommune AVSLUTTA	Hordaland tingrett	Vestland fylkeskommune var saksøkt saman med	Kravet utgjorde ca kr 8 mill. Fylkeskommunen	Saka løyst gjennom minneleg ordning

			staten i sak som galdt rammeavtale for vedlikehald og mindre anleggsarbeid for riks- og fylkesvegar i Voss, Ulvik, Vaksdal, Modalen, Kvam og Samnanger kommunar	sin andel av summen utgjorde ca. 90%	framforhandla under rettssaka i tingretten i august 2021. Fylkeskommunen betalte kr 1.440.000. Kvar part dekte egne sakskostnader.
--	--	--	---	--------------------------------------	---

#	Partar	Domstol	Sak	Tvistegenstand	Status
5	YIT Infra Norge AS – Vestland fylkeskommune NY	Bergen forliksråd	Vestland fylkeskommune vart i juni 2021 innklaga til Bergen forliksråd med krav om betaling av tilleggsvederlag på grunnlag av kontrakt om utbetring og bygging av ny gang- og sykkelveg på Fv 556 (Hjellestadvegen)	Det er fremja påstand om at fylkeskommunen blir dømd til å betale tilleggsvederlag fastsatt etter rettens skjøn. Kravet vil venteleg vere stort	Bergen forliksråd innstilte, i tråd med fylkeskommunen sitt krav, handsaminga av saka og viste ho til tingretten fordi ho ikkje var eigna for avgjerd i forliksrådet. YIT må fremje saka for tingretten innan 1 år frå september 2021
6	BMO Tunnelsikring AS – Vestland fylkeskommune NY	Hordaland tingrett	BMO har fremja krav om mellombels åtgjerd for å stoppe tildelinga av driftskontrakt på tunnelar i Bergensområdet	BMO gjer gjeldande at Vestland fylkeskommune har begått sakshandsamingsfeil og at kontrakten skulle vore tildelt BMO	Munnlege forhandlingar vil bli haldne 14-15. oktober 2021
7	Peab Anlegg AS - Vestland fylkeskommune NY	Haugaland og Sunnhordland tingrett	Gjeld sluttoppgjer. Peab Anlegg innleia i juni 2021 søksmål mot fylkeskommunen med krav om tilleggsvederlag etter entreprise for bygging av ny bru over Furebergfossen (Fv 551) i Kvinnherad	Kravet er kr 19.222.963 (inkl mva), med tillegg av renter	Hovudforhandling er beramma til 14.-18. mars 2022
8	TA Prosjekt AS – Vestland fylkeskommune NY	Øygarden forliksråd	Vestland fylkeskommune vart i juli 2021 innklaga til Øygarden forliksråd med krav om at eit areal på ca 1600 m2 vert overført frå VLFK fylkeskommune til TA Prosjekt AS.	TA Prosjekt AS gjer gjeldande at dei er reell eigar av arealet.	Øygarden forliksråd innstilte handsaminga av saka og viste ho til tingretten fordi ho ikkje var eigna for avgjerd i forliksrådet. TA Prosjekt AS må fremje saka for tingretten innan 1 år frå 14. september 2021.
9	Alfred Nyheim – Vestland fylkeskommune NY	Hordaland tingrett	Vestland fylkeskommune blei saksøkt av Nyheim i juni 2021. Saka gjeld spørsmål om vedtak gjort av Statens vegvesen er gyldig.	Nyheim har kravd at det blir gitt løyve til avkøyrsløse til eigedomen hans.	Tilsvar vart inngitt av Vestland fylkeskommune 3. september 2021. Hovedforhandling er ikkje beramma.
10	Kjell Jacobsen – Vestland fylkeskommune NY	Voss forliksråd	Jacobsen tok ut forliksklage mot Vestland fylkeskommune 9. juli 2021. Saka gjeld krav om fastsetjing av plikt til å halde ferist, grind og gjerde på Fv 313 Eksingedalen.	Jacobsen gjer gjeldande at det følgjer av tidlegare avtale mellom BKK som vegbyggjar og hans rettsforgjengar at han har rett til ferist, grind og gjerde for å halde sau på beite.	Tilsvar vart inngitt av Vestland fylkeskommune 27. september 2021.

				Spørsmålet er om Jacobsen har slike rettar, og om VLFK har plikt til å stå for dette etter at den aktuelle vegen vart overteken til offentlig vedlikehald.	
--	--	--	--	--	--

BYBANEN UTBYGGING

#	Partar	Domstol	Sak	Tvistegjenstand	Status
11	Implenia Norge AS – Vestland fylkeskommune OPPDATERT	Gulating lagmannsrett	Gjeld krav om erstatning. Påstand om feil ved tildeling av tunnelentreprise (Løvsstakken) i byggetrinn 4	Krav om erstatning for positiv kontraktsinteresse med kr 73.694.782	Vestland fylkeskommune vart frifunnen ved Hordaland tingrett sin dom i april 2021. Dommen er anka og saka skal handsamast på nytt i lagmannsretten i februar 2022
12	Tor Kleivane – Vestland fylkeskommune AVSLUTTA	Hordaland tingrett	Krav om tilbakesetjing av privat eigedom på Skjold etter byggetrinn 3 av bybaneutbygginga	Krav om oppføring av natursteinmur samt planering av tomt m.v. (tilbakesetjing i samsvar med avtale). Usemje knytt til omfanget av BU sine pliktar	Saka vart løyst ved rettsforlik inngått etter rettsmekling i tingretten i mai 2021.

OPPLÆRING

#	Partar	Domstol	Sak	Tvistegjenstand	Status
13	Os Hageservice AS – Vestland fylkeskommune OPPDATERT	Hordaland tingrett	Skadebot for påstått tap oppstått etter at vedtak om praktisk prøve (eksamen) i anleggsgartnarfaget vart kjend ugyldig pga ugild sensor	Kravet utgjer kr 5.200.000	Hovudforhandling i saka er beramma i tingretten januar 2022